

# Konfirmasjon

## i Herøy Frikyrkje



[www.frikyrkja.net](http://www.frikyrkja.net)



## ◆ Konfirmasjon

I Frikyrkja følgjer konfirmantane undervisning frå september til april. Når konfirmanttida tar til ønskes konfirmantane velkomen på ei gudsteneste og dei får utdelt boka vi brukar i undervisninga. Sjølve konfirmasjonsdagen er vanlegvis siste søndagen i april.

## ◆ Variert undervisning

Målet for konfirmanttida er at den enkelte konfirmant skal bli meir kjent med seg sjølv, med dei andre konfirmantane, med kyrkja og med Jesus. For å få til det ønskjer vi å bruke same metode Jesus brukte:

Læresveinane var saman med Jesus, fekk undervisning, fekk gjere egne erfaringar i trua og deltok aktivt i arbeidsfellesskapet. Derfor består konfirmanttida i Frikyrkja av undervisning, fellesskap i grupper, observasjon av gudstener og fleire turar til kristne festivalar, leirar og liknande.

Ei typisk samling kan sjå slik ut: Velkomst med ein liten leik/konkurransse og bøn. Undervisning over dagens tema, gjerne med bruk av film/musikk. Pause med enkel servering og tilslutt samtale rundt dagens tema og avslutningsbøn. Undervisninga tek gjerne utgangspunkt i ei bok.

## ◆ Ramme og mål

Ramma rundt konfirmanttida er kyrkjelyden. Alle medlemmar i Frikyrkja er fadderar for dei som er døypte i Frikyrkja. Konfirmanttida er avslutning av kyrkjelyden si dåpsopplæring, men den er også opa for andre, anten dei er døypte i ei anna kyrkje eller ikkje er døypte endå. Ein må ikkje vere døypt for å konfirmerast i Frikyrkja. Det kostar ikkje noko å vere konfirmant i Frikyrkja, bortsett frå avtalt eigenandel når ein blir med på tur.

Målet for denne spesielle tida er å gi konfirmantane hjelp til å gå nokre utviklande steg i livet, og forhåpentlegvis velje å leve i trua på Jesus – heime, på skulen, i kyrkja og blant vener.

## ◆ Spørsmål?

Ta gjerne kontakt med oss!

telefon: 700 87 800

epost: [post@frikyrkja.net](mailto:post@frikyrkja.net)

nettstad: [www.frikyrkja.net](http://www.frikyrkja.net)



## Pastorane

Undervisninga er ved Erhard Hermansen og Geir Lande.



**Get Focused:**  
Leirhelg i Tønsberg.

**På konfirmanttur:**  
Fjellklatring i Stavern.





*Kvar bok i Skrifta er  
innanda av Gud  
og til nytte i opplæring,  
formaning, rettleiing  
og oppseding i retferd,*

*så det mennesket  
som høyrer Gud til, kan  
bli fullt utrusta  
til all god gjerning.*

*2. tim 3, 16-17.*



*fri*

**kyrkja**

[www.frikyrkja.net](http://www.frikyrkja.net)

